

Visitasforedrag ved bispevisitas i Stord og Nysæter 15.–17. og 20. nov 2016

Kjære kyrkjelyd! Takk for flotte dagar under visitasen her i Stord! Eg vert stolt når eg ser så mykje godt arbeid i mitt bispedøme. Eg har fått møta to aktive kyrkjelydar og ein dyktig stab på nært hold, og drøfta strategien framover med både soknerådene og staben. Eg har møtt rektorane og andre skulefolk til samtale om samarbeide kyrkle-skule, og møtt næringslivet til seminar på høgskulen. Eg har vore saman med engasjerte menneske til økumenisk felles markering og fakkel tog mot forfølging av kristne. Og eg har møtt elevar på vidaregåande til spørjetime og fekk besøka Litlabø asylmottak. Og mitt lag vann Quizen på kyrkjelydsfesten i Nysæter, så dette har vore ein fin visitas.

Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitasforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjelagsjef Tore Skjæveland og med innspel frå prost Svein Arne Theodorsen

Gudsteneste

Det har vore godt å feira gudsteneste saman i dag, ikkje berre fordi det er visitas, men fordi vi saman gjev Gud ære. Det gjer vi kvar gong vi går til gudsteneste. Då gjev vi Gud ære, då viser vi at trua er viktig, då er vi vitne for våre naboar og sambygdingar. Difor må vi gå ofte til gudsteneste.

Eg ser av statistikken at gudstenestetala er stabile, men når trusopplæringa bringer nye til kyrkja, betyr det at den faste kjernen av dei som går trufast vert mindre. Då er det all grunn til å oppmuntra kvarandre og samtidig legga til rette for at ein ny generasjon kan kjenna seg heime i gudstenesta.

Det er flott at de har gudstenesteutval i både sokna så de kan arbeid med kvaliteten i gudstenesta. Framfor alt må de arbeida med spørsmålet om korleis ein kan auka oppslutninga om gudstenesta. Berre forfallet går av seg sjølv.

Kyrkjemusikk

I den samanheng vil eg understreka kor viktig kyrkjemusikken er for å heva gudstenestene. Det har me opplevd i dag.

De har dyktige kantorar som bidrar til engasjement for salmar og liturgi, og som er flinke til å dra inn lokale musikk og songkrefter. Det er flott å ha eit kyrkjecor som Sanctus som deltar på

gudstenester, særleg i Nysæter, og det er godt å høyra at de arbeidar med å få ei forsongarteneste i Stord.

Samarbeid på tvers av sokna er ein god ting, ved å ha felles kulturutval har de klart å få til ein heilt eigen festival med det klingande namnet KyrkjeLyd.

Temakveldar

Gudstenesta kan ikkje fylla alle behov. Difor vil eg gje Stord sokneråd ros for at de får til temakveldar med kyrkjekaffi. Når færre går på møter, drar på leir og les kristne bøker, er det stor trong for ein stad ved sida av gudstenesta der vaksne kan få opplæring og fellesskap. Skal evangeliet prega oss må vi vita kva vi trur på.

Eg veit at det også har vore temakveldar i Nysæter tidlegare og at det er planar om fleire slike samlingar, kanskje kveldsgudstenester med undervisningspreg. Det vil eg oppmuntra dykk til å gå vidare med.

Trusopplæring

Når det gjeld trusopplæring for born og unge vil eg gje ros for eit godt arbeid, og ros til dei fire dyktige kyrkjelydspedagogane. De har ein ambisiøs plan og det tar tid å få alt i gang. Her må ein ikkje gapa over for mykje, men sikra at ein har uløna medarbeidarar med seg. Det er ei utfordring å få med frivillige, men det er ingen veg utanom. Eg vil be dykk om å spørja foreldre, invitera dei med og ta vare på dei som medarbeidarar, for mange av dei vil støtta opp om det som er godt for borna.

Bedehusa

I tillegg til sokneråda sitt eige arbeid for barn og unge vil eg dra fram det verdifulle arbeidet som skjer på bedehusa og i organisasjonane. Det er ein god tradisjon i Sunnhordland med samarbeid, og at ein kan delta både i det som skjer i kyrkjehuset og på bedehuset. Det tener Guds rike. Ved å arbeida saman nå ein lenger.

Samstundes må ein vere realistisk og sjå at forholdet til bedehusa også kan vere prega av spenningar. Her treng ein klokskap. Frå kyrkja si side ønskjer vi størst mogeleg grad av samarbeid, så lenge det gagnar både partane.

Ungdom

Eg fekk møta ungdomsrådet i Nysæter på tysdag, dei både delte bibelvers og steikte lappekaker og dei ville laga eigen ungdomskyrkjekaffi. Det er eit godt resultat av leiartrening med Milk- og Liv-kurs. Det er krevjande å halda kontakt med ungdom etter konfirmasjonen, det ser ein alle stader. Difor er det bra at ein har fått starta opp Tensing-kor igjen. Men det er eit smalt tilbod til fjarårskonfirmantar og eg saknar eit breiare ungdomsarbeid.

Samarbeidet med skulen og barnehagen

Når det gjeld skule- og barnehagesamarbeidet, har eg hatt møte med kommunalsjef og rektorar. Det er flott å høyra at ein har eit godt samarbeidet og at rektorane er nøgde. Ein har eit godt system for påmelding og gjennomføring av skulegudstenester. Dei fleste skulane har ein plan for skule-kyrkjesamarbeidet og det er bra.

Diakoni og misjon

Båe kyrkjelydane har misjonsprosjekt og eit aktivt misjonsengasjement med besøk, temakveldar og integrering i gudstenste og trusopplæring.

Det er viktig for kyrkja at vi har diakonalt arbeidet. Og her har ein heile femten diakonale tiltak som det står om i meldinga. Skal eg ta fram eitt, må det bli besøkstenesta. Her saknar diakonen friviljuge, og eg skulle ynskja meg at nokon kunne sjå dette som si teneste. Her treng ein å invitera fleire med og å bygga eit fellesskap for besøkarar til velsigning både for dei som besøker og dei som får besøk.

Frivillige, uløna medarbeidarar

Når det gjeld dette med uløna medarbeidarar vil eg seia ei stor takk til alle dykk som gjer og har gjort ein frivillige innsats i kyrkja i store og små oppgåver. De har fått vera med å spreia velsigning til andre. Tusen takk.

Samtidig må ein også kalla nye og hjelpa folk til å finna den rette tenesta. Ein må skapa eit fellesskap som gjer at folk vil vera med å gjera ein innsats. Det gjer ein ved å gje opplæring, oppfølging og støtte, ikkje berre oppgåver. Målet er at folk skal kunna glede seg over tenesta, og over å vera med i eit fellesskap.

Ein må vurdera om ein treng ein frivillig-koordinator, nokon knytt til staben som har dette som si oppgåve. Her har vi eit vekstpotensiale, og det viser seg at for å utløysa uløna medarbeidarar, er det ein stor føremon å ha nokon i staben som kan jobba mot frivillige.

Gjevarteneste

Stord og Nysæter vil mykje, og då må de ta ansvar for å skaffa økonomi. De treng midlar til det langsigke, jamne arbeidet med trusopplæring, barn ungdom og med å følgja opp frivillige. Då treng de ei gjevarteneste, slik de har hatt tidlegare.

Her må de starte med å forkynna fram gjevargleda, og oppretta ei målretta gjevarteneste slik at folk kan gje til det som står deira hjarta nærest, truleg først og fremst til trusopplæringa og andre tiltak for born og unge. Gjennom ei gjevarteneste kan de få til meir innan dette viktige arbeidet.

Det er mykje pengar på Stord, men dei ligg i lommene til medlemmene. Noko av desse må setjast i omløp for arbeidet i kyrkjelyden. Vi kan ikkje tru at stat og kommune vil gje alt vi treng for å vekse som kyrkjelyd. I resten av verda er det kyrkjemedlemene som tar ansvar for økonomien og for det som skjer i eigen kyrkjelyd. Det må vi og læra oss.

Kyrkjelydshus

Stord kyrkje er eit staseleg bygg og eit hus som innbyd til gudsteneste. Men til meir ein vil fylla det, til meir kjenner ein på at det trengs noko i tillegg, til trusopplæring, konfirmantarbeid, kyrkjekaffe og eit variert kyrkjelydsliv. Soknerådet har arbeid lenge med planar om eit nytt hus nærest mogeleg kyrkja slik at ein framleis kan knyta trusopplæringsa til dette flotte gudshuset.

Eg vil seia: stå på, snakk med riksantikvar om kva som er mogeleg å få til i og rundt kyrkja. Snakk med kommunen for å få konkrete alternativ og finansiering inn i planen. Både kyrkje og bygda vil tena på eit godt kyrkjelydshus som kan fylla mange behov.

Til kommunen

Eg hadde eit godt møte med ordførar, rådmann og kommunalsjefar og eg vil takka for den tydelege velviljen de viser og for at de ser verdien av kyrkja i lokalsamfunnet og for at kyrkja ikkje kjem därlegast ut ved reduksjonar i budsjettet. De forstår at eit kyrkjelydshus er viktig for eit godt arbeid, for både kommunen og kyrkja er opptatt av å bygga gode lokalsamfunn og ta vare på born og unge. Og eg vil oppfordra kommunaleiinga til å legga det inn i planane med sikte på finansiering innan rimeleg tid.

Takk

Til slutt vil eg takka for ein god visitas med mange gode opplevingar. Takk til alle som har vore med å gjera i stand, ikkje minst sokneprestane og sokneråda, kyrkjeverja og staben. Takk til alle som har bidratt til ei velskriven og god visitasmelding. Takk også til prosten som har vore med å legga til rette og planlegge og gjennomføra denne visitasen. Han er biskopens utstrakte hand til Stord og Sunnhordland når biskopen ikkje er her. Eg er takksam for den innsats du gjer for å knyta bruer til lokalsamfunnet gjennom blant anna nyttårsmottakinga og utdeling av frivilligprisen.

Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Og om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- Styrk gudstenesta! Gå dit regelmessig, både for dykker eiga skuld og for å gje Gud ære.
- Sats på å få med fleire frivillige, og gje dei oppfølging slik at fleire kan bli med i det som skjer
- Stord må arbeida vidare med planane om kyrkjelydshus i dialog med riksantikvar og kommunen
- Nysæter må arbeida vidare med planane om kveldar med gudsteneste og undervisning
- Få i gang ei gjevarteneste i både sokn.

Med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå denne øya fylt av mange flotte inntrykk og velsmakande kaloriar. Eg takkar for desse dagane og ynskjer Guds velsigning over kyrkja og folket i Nysæter og Stord kyrkjelyd.

Bjørgvin bispestol, 20. november 2016

Halvor Nordhaug